



ÅRSMØTE SYVDE IDRETTSLAG 2021

Onsdag 30.03.2022

Sakliste

- 1: Godkjenne dei som har stemmerett**
- 2: Godkjenne innkalling og sakliste**
- 3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka**
- 4: Årsmeldingar**
- 5: Rekneskap**
- 6: Medlemskontingent**
- 7: Organisasjonsplan**
- 8: Val**

Årsmelding Syvde Idrettslag 2021

Styret har vore samansett slik:

- Leiar Karoline Lundås
- Nestleiar Torgeir Nordal Eikrem
- Kasserar Merete Vatne
- Styremedlem Frode Myrvoll
- Styremedlem Bjørn Erik Drage
- Styremedlem Eivind Lars Øvregård

Medlemsansvarleg: Ole Jørgen Strand

Vara medlemmar:

- Per Magne Sørdal
- Tone Drage Sørdal

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemnda har vorte leia av Torfinn Arnesen i lag med Ove Myrvoll.

Styret har hatt 3 styremøte. Samt sporadisk kontakt via messenger gruppe. Det har våre noko redusert aktivitet grunna corona restriksjonar.

Idrettslaget har hatt 157 medlemmar. Medlemskontingent har vorte sendt ut via epost- sms til medlemmane frå idrettenonline.

Styret har behandla desse sakene:

- Driftsstyret på Øverberg meldte i 2020 om behov for rehabilitering av løypetrase på Øverberg Skisenter. Det vert da søkt om spelemidlar for prosjektet. Vi vart ikkje prioritert i 2021, styret har vedteke å søke på nytt. Søknaden er no under handsaming i kommunen.
- Det har også vore søkt om Teft midlar frå Sparebanken Møre, til rehabilitering av løypetrase. Her fikk vi 100 000,- til gjennomføring av prosjektet. Midlane vil bli utbetalt ved prosjektstart og banken ynsker ein rapport på korleis dei blir nytta etter end prosjekt.
- Det har våre merke diverse ruter både for fjelltrimmen og andre turmål i syvdsfjella, det er fortsatt behov for merking fleire stader og styret vil fortsette å delegere dette arbeidet i 2022. Vi har fått maling fra friluftsrådet ved John Willy Klungre. Dersom nokon ser behov for merking av ruter eller ynskjer å bidra i arbeidet er det bare å ta kontakt styret.
- Vi held fram med registrering på Georeg i Fjelltrimmen.
- Styret har ønske om å legge til rette for skispor på ny-vegen rundt sætrevatnet, og har ønske om å kjøpe eller få laga en sporleggar for ATV. Styret vil jobbe vidare med dette når vegen rundt vatnet er heilt ferdigstilt.
- Styret har også hatt oppe sak om opparbeiding av «aktivitetspark» sentrumsnært i Syvde. Det vil bli forsøkt å søke midlar for det i kommande år.
- Det har vore mykje omtalt behov for auka aktivitet for barn og unge i bygda, styret ber om innspel frå bygda på kva som kan være av interesse å starte opp.

Styret vil takke for innsatsen til alle som har stilt opp i året som har gått. Takk til samarbeidspartar for sponsormidlar, tusen takk til alle som brukar av fritida si på dugnad for å skape trivsel i bygda vår. Spesiell takk til driftsstyret på Øverberg for nok eit år med flotte skispor.

BLÅFELDEN RETT OPP 2021

Blåfelden Rett Opp skulle arrangerast 12 Juni, men pga smittefare og restriksjonar i samband med Coronaviruset vart Kosterikjedagane 2021 avlyst. Det var heller ikkje mogleg å arrangere Blåfelden Rett Opp på tradisjonell måte. Blåfelden general Atle Midtbø venter i spenning til coronaen er over. Vi tek sikte på å arrangere i 2022.

- Blåfeldgeneral Atle Midtbø

FJELLTRIMMEN 2020

Tradisjonen tru vart det nok ein sesong med fjelltrim. Fjelltrimmen består framleis 12 ulike turmål i Syvde fjella, med 7 toppturar og 5 litt kortare. Der dei 7 toppane gir 20 poeng for kvar tur og dei kortare turane gir 10 poeng for kvar tur. Poenga vert registrert i georeg appen, og talt frå bøkene for dei som ikkje har georeg.

Karoline Lundås tok tilbake tittelen som fjellgeit for andre gong (sist i 2019), denne gongen med 1370 poeng. Flest turar til Lisjerøfsdalen, Ulvenakken, Lisjeblæja og nokre turar opp Blåfelden.

Frode Myrvoll beheldt trona og tok sin fjerde fjellbukk tittel, med 1320 poeng. Favorittområde er fortsatt Høgenipa og Tryggesteinen, men han har også mange turar både til Lisjeblæja og Blåfelden.

Begge vinnarane har tatt alle postane i fjelltrimmen i 2021.

Junior fjellgeiter vart:

William Eikrem Nordmark

Amalie Ervik Røys

Sofie Ervik Røys

Premiane er gåvekort frå XXL.

Alle som har besøkt alle postane er med i trekning av gåvekort på Coop Hotellkupp gitt av Coop Syvde og Syvde IL. Vinnaren vart trekt på sist styremøte, og den heldige vart Fjellbukk Frode Myrvoll.

Årsmelding Øverberg skisenter:

2021 var eit år med gode snøforhold første halvdel, det vart kjørd løyper gjennom heile sesongen heilt fram til siste helga i april (!)

Det vart og høve til aktivitet i alpinbakken denne sesongen, noko som var lenge sida sist. (ikkje sida 2012-2013 etter husken til driftsleiaren).

Trakkemaskina har gått utan stort meir enn vanleg vedlikehald.

Det har vore gjort små utbetringar på veg / parkeringsplass på Øverberg.



Årsmelding uteTRENing med puls



uteTRENing med puls 2021

Vi har stort sett vore ein fast gjeng som har møttes tysdagane og ganske mange torsdagar ute ved Myklebust skule. I utgangspunktet skulle det vere ei økt i veka, men vi synes det vart for lite og økte difor til to økter fast. Uavhengig av vær og vind, so trivast vi med utetreningane, sjølv ikkje uværet Gyda hindra trening. Trude har hatt ein del av treningane på vårparten, men frå sommaren og utover har Trude og Alice delt på dei. Vi er frå to til tolv deltakarar. Har klart å rekruttere nokre få nye damer som møter trufast opp. Øvelsane er jamt over styrkeøvelsar for heile kroppen, utført med strikk, kettlebells elker kroppsvekt. Vi har det utrulig kjekt og har ein herlig følelse i kroppen etter ei god uteTRENings økt 

Årsmelding Sykkelgruppa 2021

Aktiviteten i sykkelgruppa har vore svært god i 2021. Og det trass i at delar av året var eit «coronaår» med restriksjonar og tiltak for å hindre smitte. Om sommaren og utover hausten vart samfunnet likevel opna opp pga lite smitte. Dette passa oss syklistar veldig bra, sidan sommar og haust er ei fin årstid for sykling.

17. april var første felles sykkelturen som vart lagt ut på Messenger-gruppa. Også 18. og 19. april var det fleire som var ute på sykkel i det fine vårveret som var. Så då kan vi seie at sesongen var i gong for fullt. Dei fleste turane har vore i nærområdet vårt, tur-retur Kleiva på Rovdestranda og turen rundt Hovda er nok mest brukt, men også kortare eller lenger turar alt etter som kva ein vert samde om i gruppa.

Messenger-gruppa fungerer veldig fint, den er som ei dagbok der vi legg inn bilete frå turar vi har hatt saman. Her ser vi at det vart ganske mange fellesturar i fjor, dei fleste i Vanylven, men også i nabokommunar og andre delar av landet. Nokre med få deltakarar og andre med 10 eller fleire. Vi tek med at fleire frå sykkelgruppa var samla i Loen i juli og hadde fine sykkelturar i området der. Birken var målet for fleire av oss i fjor og 10 personar deltok. Siv og Runar Vik var med for første gong, Aud Nygård, Oddbjørg Vik Nordal og Steinar Arne

Nordal fekk premie for 10 års deltaking, i tillegg fekk Oddbjørg sitt 6. merke. Elles vart det utdelt ei fin medalje til alle som fullførte. Ein kan lese meir og sjå bilete frå Birken-turen på heimesida til idrettslaget. Felles middag om kvelden høyrer også med når ein er på Birken. Vi takkar for alle dei fine turane og fine bileta som er lagt inn på gruppa vår, og ser fram til mange turar i 2022.



Sykkelgruppa v/ Knut Brudevoll og Steinar Arne Nordal

Årsmelding IRONMAN 2021



Vi starta med fyrste treninga 6. januar, og p.g.a. coronasmitte var det ikkje anbefalt å trene inne. Vi hadde fleire økter i Hesteråsa og når snøen kom og det vart skiføre på Øverberg vart det fleire treningsturar over Vareggja til Vassdaslbu.

Vi hadde ei treningsøkt ein kveld ilag med gruppa til Sindre Brekke, som vi avslutta med nokre runder i Hesteråsa. I byrjinga på mars trente vi i salen igjen, og det vart litt skitrening utover våren med gode snøforhold. Fram til ferien var vi vekselvis i salen og på sykkel.

Vi starta opp att treningane i gymsalen 29. september og heldt det gåande fram til jul.
Vi har vore 6-7 stk på det meste og vi har hatt 27 oppmøte. På det jamne er vi 4 stk som har vore med stort set på kvar trening.

- Atle Midtbø -

FRA VALGNEMNDA: SYVDE IDRETTSLAG 2022

STYRET			
Leiar	Karoline Lundås	90870942	karoline.lundaas@outlook.com
Kasserar	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Frode Myrvoll	90502384	fmyrvoll@yahoo.no
Styremedlem	Bjørn Erik Drage	48146988	bedragr@gmail.com
Styremedlem	Ole Martin Brudevoll	98892465	ombrudevoll@gmail.com
Styremedlem	Per Magne Sørдал	95177536	pm.sordal@gmail.com
Nestleiar	Lars Andreas Bysheim Myklebust	99311748	Myklebust.lars@gmail.com
Vara 1	Monika Skår	45475538	bjorn.skaar@mimer.no
Vara 2	Ole Jørgen Strand	97098940	Ole_j_strand@hotmail.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
Kontaktpers.	Rolf Åge Sørдал	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Kim Tony Røys		
	Bjørnar Magne Berge	48127779	Bjornar.berge@sibelco.com
ØVERBERGRONDÅ			
Ansvarleg	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
BLÅFELDEN RETT OPP			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
VALNEMD			
Ansvarleg	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
	Ove Myrvoll	90541055	ovemyrvoll@gmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENING med puls			
Ansvarleg	Alice Arnesen Stranden	91743482	
	Drage Sørдал Tone	96043697	
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
SYKKEL			
Ansvarleg	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Knut Brudevoll	45202493	brudevollknut@gmail.com

